

# ÅRSMELDING 2017

## FOR RADØY SPORTSSKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 8 januar 2017.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Øystein Dalland	Formann
Andrè Michelsen	Nestformann
Arnfinn Halland	Kasserar
Martin Soltveit	Materialforvaltar
Magne Arild Rath	Styremedlem
Kornelius Manger	1 Varamedlem
Harry Helland	2 Varamedlem

Året 2017 har vore prega av mykje dognadsarbeid på anlegget i Stokkedalen. Aktiviteten i laget har alikevel vore bra. Mange ungdommar er med på skytingane inne i Radøyhallen. Talet varierer frå veke til veke, og når skytinga blir flytta ut til Stokkedalen er det ein del som fell frå.

Blant seniorane er aktiviteten laber.

Økonomien i laget er tilfredstillande, men laget er heilt avhengig av samarbeidet med Radøy Skyttarlag for å kunna eksistera.

Samarbeidet med Radøy Skyttarlag har som vanleg fungert godt, både med tanke på leige av bane, våpen og dognadsarbeid i Stokkedalen.

Arbeidet med Stokkedalen Skyteanlegg har kome godt i gang. Fyrste byggjetrinn på 100m riflebana vart ferdigstilt i 2017, og ein har som plan å ferdigstilla heile 100m riflebana iløpet av våren 2018. Spelemiddelsøknaden for 100 m riflebane er fornya for 2017 og innsendt, forventa utbetaling av spelmanidlar er i 2018.

Det er særskilt viktig for laget at det blir jobba for å auke rekrutteringa. Det bør derfor vurderast om laget bør ha ein eigen ungdomsansvarleg.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som har gått og ynskja lukke til i 2018.

Alversund den 27 desember 2017.

For styret i Radøy Sportsskytarlag

Øystein Dalland

Formann